

## MUSEUMSMELDINGA - KOMMENTARAR

Gode statssekretær!

Gode museumskollegaer!

### ***Kva er Museumsforbundet?***

Interesseorganisasjonen for musea. 182 medlemsmuseum og 243 personlige medlemmer

Storparten av medlemmene våre er museum som er ein del av det nasjonale museumsnettverket og er på ulike måtar knytt til KKD, men ein god del museum er og knytt til andre departement – m.a. ulike etatsmuseum og universitetsmuseum.

### **Museumsmeldinga**

For å gå rett på sak:

Museumsforbundet er i all hovudsak godt fornøgd med den nye Museumsmeldinga, ***”Framtidas Museum - forvaltning, forskning, formidling, fornying”***

Når me les meldinga, me ser og at Museumsforbundet har fått gjennomslag for veldig mange av dei synspunkta som forbundet har spelt inn til Kulturdep. dei siste åra.

Vårt inntrykk er at KKD har tatt oss på alvor og lytta, det lovar godt for den vidare utviklinga av sektoren.

Vårt budskap har vore ganske tydeleg:

- større vekt på den faglege oppfølgjinga av musea,
- meir fokus på forskning, gjenstandsforvaltning og fagleg forankra formidling

Museumsforbundet har, både i møte med politikarar, media og offentlegheita elles, minna om musea sitt samfunnsoppdrag med vekt på forvaltning, forskning og formidling. At KKD for eiga rekning har føya til ein fjerde f' for ”fornyning”, synest me er veldig bra!

Me er glade for at statssekretæren inviterer fortsatt samarbeid mellom

Museumsforbundet og KKD - når innhaldet i meldinga skal konkretiserast og fylgjast opp.

Hovudbudskapet i meldinga er at nå er det den faglege utviklinga i musea som skal stå i fokus:

***”Målet med denne meldinga er å legge til rette for å styrke den faglige dimensjonen i de enhetene som nå inngår i det nasjonale museumsnettverket. Nå skal utviklinga av musea som museumsfaglige kunnskapssentra og solide organisasjonar prioriterast.”***

## Statsbudsjettet / museumsmoms

Så må me legga til at Museumsforbundet endeleg fekk gjennomslag for den etterlengta museumsmomsen i statsbudsjettet som blei lagt fram for eit par veker sidan!

I følge Kulturmomsutvalgets berekningar vil dette innebera ei avgiftslette på ca. 110 millioner kr for musea under KKD.

- Nyttar høvet til senda ein stor takk til generalsekretæren vår, som gjennom iherdig og utretteleg lobbyverksemd –, utan tvil har svært mykje av æra for at dette endeleg blei akseptert av Finansdep.

Derfor var det og ekstra stas at Museumsforbundet blei kreditert for dette under pressekonferansen der kulturminister Giske la fram kulturbudsjettet..

## ”Framtidas museum” – kva skal det bli?

Viss eg prøver å gi eit kjapt samandrag av dei ulike programformuleringane og målsettingane som går igjen ulike plassar i meldinga – blir det omtrent slik:

**”Musea skal vera profilerte, aktuelle, gode, solide, relevante, reflekterte, problemorienterte, samfunnskritiske, frie, uavhengige, sjølvstendige, moderne og nyskapande samfunnsinstitusjonar og kunnskapssentra”, og attraktive arbeidsplassar, –**

**som formidlar kunnskap og opplevingar, og bidrar til kritisk refleksjon og skapande innsikt”**

- **som skal ha handlingsrom for å stilla kritiske spørsmål vedrørande både fortid og nåtid,**
- **og som skal ha ei armlengds avstand til eigarar og offentlege myndigheiter!”**

Yes! Dette vil me – dette skal bli spennande!

Så har me mange utfordringar når desse målsettingane skal konkretiserast - nasjonalt, regionalt og ikkje minst på det enkelte konsoliderte museum.

- Og, sjølv om noko av dette kan opplevast som honnørord kan nok mange av oss få bruk for å visa til musea som uavhengige og sjølvstendige institusjonar med handlingsrom for stilla kritiske spørsmål, og **armlengds avstand til eigarar og offentlege myndigheiter** – når m.a. ulike lokale eller regionale interessentar gjerne vil ha både ei hand og to hender på både museumsstrategiar og ressursfordeling.

## Kulturløftet

Museumsforbundet er og glad for Kulturløftet II, og målet om at kulturbudsjettet skal utgjera min. 1 % av statsbudsjettet innan 2014. Det betyr at det aller meste av denne opptrappinga må skje i kommande Stortingsperiode.

Og meir midlar trengs! ..på alle dei fire f'-områda!

Ei vellukka oppfølging av Museumsreforma vil kosta meir pengar.

### **Investeringsbehov**

Mange av medlemmene våre er då også skuffa over at meldinga er for lite forpliktande når det gjeld økonomi.

Viss me samanliknar med for eksempel ABM-meldinga, som blei lagt fram i 1999, så ser me at den nye museumsmeldinga er vesentlig meir deskriptive, mindre konkret og mindre forpliktende bl.a. når det gjeld økonomisk oppfølging.

Samtidig er me glade for at KKD erkjenne at Museumsreforma har utløyst eit stort behov for nye museumslokale eller betre fysiske rammevilkår – Førebels er det anslått eit investeringsbehov på bortimot 1 mrd. kroner. Me er glad for at statssekretæren bl.a. nemner at midlar til magasin og konserveringslokale. I følgje statsbudsjettet for 2010 skal 95 % av musea ha behov for nybygg eller rehabilitering av bygg.

Etter kvart som dei nye konsoliderte einingane får etablert seg og skal til å konkretisera målsettingane for eigne institusjonar, vil nok denne summen auka betydeleg.

### **Samlingsforvaltning**

Meldinga dokumenterer på ein god måte mange av dei utfordringane musea står ovanfor m.o.t. samlingsforvaltning, sikring, digitalisering o.s.v.

Digitaliseringsproblematikken blei grundig belyst i går. Museumsforbundet vil understreka at det er uhyre viktig at me nå raskt får starta arbeidet med ein nasjonal plan for samlingsforvaltning og samlingsdigitalisering. Forbundet har og lenge ivra for ein slik plan, og spelte f.eks inn eit "**program for digitalisering av museer**" i november i fjor.

Og allereie i mars 2007 leverte forbundet "**Skisse til en nasjonal plan for samlingsforvaltning - Revitaplan**" til KKD.

Me vil understreka det punktet i meldinga som seier at

**"ABM-utvikling skal, i samarbeid med museene i det nasjonale museumsnettverket, påbegynna arbeidet med en plan for sikring og bevaring av museumssamlinger"**

- og forutsette at dette er eit av dei tiltaka som blir høgt prioritert – nå.  
(Ein slik plan var faktisk var omtalt i SORIA MORIA I – erklæringa.)

### **Kunnskapsproduksjon og forskning/ Museumsnettverk**

Museumsmeldinga slår fast at

*”Forskning og kunnskapsutvikling ved musea er eit nødvendig faglig grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling”*

Skal musea bli dei solide og faglege kunnskapsentraene slik det er proklamert, er me er heilt avhengig av betre vilkår for kunnskapsproduksjon og forskning i musea (og ikkje berre forskning om musea).

Eller som det heitte i (Kulturmeldinga,s. 183).

**«Dersom musea skal fungera som gode samfunnsinstitusjonar, må formidlinga vera tufta på eit fagleg grunnlag som er etablert gjennom eiga forskning.»**

Eg kan også nemna at Museumsforbundet for halvtanna år sidan la fram

**”Forslag til tiltaksplan for å styrke forskning ved museene”.**

Den nye Museumsmeldinga seier vidare at *”institusjonane sjølv må bære hovedansvaret for å styrke den interne faglige aktiviteten”*

Som sjølvstendige institusjonar har musea hovudansvaret for eigne prioriteringar.

- Men når meldinga refererer til at nærare 60 % (57 %) av musea melder at dei treng meir museumsfagleg kompetanse
- når statsbudsjettet for 2010 vise til at under halvparten av musea (46%) har vedtatte planar for forskning
- og når berre nokre få museer melder tilbake at konsolideringa har frigjort kapasitet til museumsfaglig arbeid
- ..Då tilseier dette at det må det takast nokre overordna grep i sektoren for å løfta arbeidet med kunnskapsproduksjon og forskning.

Museumsforbundet har tidlegare peika på at dei faglege museumsnettverka kan vera viktige strukturar for forskningssamarbeid mellom musea, noko som og blir framheva i meldinga

Men skal nettverka bli ein god reiskap i dette arbeidet, ein vera villig til å tilføra prosjektmidlar og stimuleringsmidlar, og ein må kunna målretta midlar til dei prosjekta som fungerer godt og som får noko gjort – slik at desse nettverka m.a. kan tena som gode eksempel og inspirasjon for andre.

- Meldinga peika samtidig på at ein treng betre samarbeid mellom musea og forskingsmiljø i kunnskapssektoren, og ein signaliserer at det skal leggast til rette for samarbeid mellom musea og forskingsmiljø ved universitet og høgskoler
- Vidare bebudar KKD eit FOU-program for hele abm-feltet.

Det er bra, men Museumsforbundet vil peika på at det også er sett i gang FOU-prosjekt i forhold til universitetsmusea, og me vil sterkt oppfordra til betre samkøyring og samarbeid mellom departementa på dette feltet.

- I det heile etterlyser me ein meir heilskapleg nasjonal museumspolitik – som og inkluderer musea utanfor KKD sitt budsjett.

Meldinga omtaler heller ikkje naturhistorie og fartøyvern, noko som er ein klar veikskap ved meldinga.

### **Einsretting lokalt særpreg**

ABM-meldinga slo fast at dei tre grunnleggande prinsippa for Museumsreforma skulle vera :

- *å bevare og styrke lokalt engasjement og deltaking i kulturvernet,*
- *å sikre faglig kompetanse på regionalt nivå og*
- *å samordne musa i eit nasjonalt nettverk.*

Den nye meldinga vidarefører desse prinsippa.

Betydninga av nasjonale nettverk har eg vore inne på.

Eg vil og kommentera forholdet mellom regional konsolidering og lokalt særpreg og lokalt engasjement.

Eg ser at enkelte kommentatorar er redd for at konsolideringa skal føra til eit kjedlegare museumslandskap, prega av einsretting, og at det lokale særpreget vil forsvinna.

Eg trur tvert om at Museumsreforma kan skapa grunnlag for meir mangfold og meir varierte tilbod til publikum.

Alle dei 700 tidlegare museumseiningane og samlingane var neppe genuint forskjellige frå kvarandre - eg trur me må innrømme at mange av dei lokale musea var forholdsvis einsarta både m.ot. gjenstandssamlingar og utstillingar, som minna meir om kopiar av kvarandre ...

Ved at Museumsreforma jamt over har tilført dei konsoliderte musea fleire faglege ressursar, har ein nå langt større mulegheiter enn før til å dokumentera og formidla særpreget og dei genuine historiene knytt til dei lokale anlegga. Innanfor ein større fagleg heilskap er det faktiske lettare å leggja til rette for at dei enkelte anlegga "spissar" sine nisjer eller produkt – som ein ville sagt i somme andre sektorar.

Og mange samlingar initiert av ivrige lokale entusiastar er kanskje ikkje alltid så unike som ein trudde. Berre langs Vestlandskysten har me for eksempel opptil fleire båtmotorsamlingar som med fordel kunne vore forvalta og sett i ein større samanheng.

Men det er likevel viktig er å halda fast ved og styrka

#### **det lokale engasjementet**

Derfor er det gledeleg at mange museum kan visa til at for eksempel talet på frivillige medhjelparar har halde seg, og i somme tilfelle, også auka dei siste åra.

Det er og mitt eige inntrykk som leiar av eit regionalt konsolidert museum.

## **Lokale forventningar og kime til interne konflikhtar**

Samtidig trur eg det er viktig for mange av oss (som har mange ulike kommunar å forholde oss til), å erkjenne at ein av dei viktigaste utfordringane våre **er å balansera dei lokale forventningane** knytt til det enkelte lokalsamfunn eller kommune i forhold til det konsoliderte museet sine samla ressursar, – som for dei fleste av oss kjennest altfor knappe.

Legitimiteten til mange av dei konsoliderte musea bygger på lokal tilslutning frå ulike lokalsamfunn og kommunar – det må me ta omsyn til.

Så skal me heller ikkje feia under teppet at her ligg eit stort potensiale for interne konflikhtar –

Gjennom lokalpressa både i aust og vest har me den siste tida sett at nokre av desse konfliktane har ført til open strid mellom det konsoliderte museet og lokale avdelingar/kommunar. Når me veit at mange konsolideringsavtalar er inngått med statens påhaldne penn, vil det nok ennå ta tid før mange konsoliderte museum blir operative arbeidsfellesskap, slik målet er uttalt.

Dette gir dei konsoliderte musea heilt andre styringsutfordringar enn den gong staben var samla under same tak. Dette stiller ikkje minst langt større krav til museumsstyra når det gjeld profesjonalitet og integritet.

Og – ein i liten grad problematisert den makta som dei nye museumsstyra har, bl.a. ved at dei i mange tilfelle har overtatt ansvaret for å prioritera og tildela offentlege midlar som tidlegare var gjenstand for politisk behandling på ulike forvaltningsnivå.

Så - det er framleis eit stort behov for å jobba med organisasjonsutvikling, parallelt med den faglege oppfølginga av reforma.

## **Profesjonalisering/standardisering**

Det er eit mål at musea skal vera solide organisasjonar, og aktuelle og profesjonelle i alle delar av verksemda vår.

Skal me lukkast på det faglege området, må me og ha ein administrativ infrastruktur og administrative system som fungerer.

Og her trur eg det er ein fordel med langt meir standardisering (eller "einsretting"). Og eg synest at Departementet har tatt for lett på, eller kanskje oversett, desse utfordringane

Når ein skal laga operative arbeidsfellesskap med tilsette på mange ulike stader må ein i alle fall ha administrative system som fungerer, noko som i mange tilfelle krev betydelege investeringar - som må følgjast opp i kommande statsbudsjett, m.a:

- Felles datasystem
- Felles arkivsystem
- Felles kassasystem, bookingsystem

- Billettsystem
- Rekneskapssystem
- Felles innkjøpsordningar
- Felles måtar å telja publikum på ...
- Felles arbeidsreglement, rutinar og personalhandtering etc.
- Dette er ein viktig del av den profesjonaliseringa av sektoren som blir etterlyst, og det krevst i tillegg personale som har kompetanse til å handtera desse systema og utfordringane. Me må bort frå dei situasjonane der f. eks konservatorane spring rundt og må ordna opp i telefonsystem og kassasystem osv., og verken får tid eller ro til å konsentrera seg om det faglege arbeidet.

Nokon vil kalla det byråkratisering, og eg er heilt for slik byråkratisering som er nødvendig for å gjera arbeidsdagen lettare for oss som jobbar i musea.

### **ABM- forventningar / oppgåver**

Meldinga inneheld og eit kapittel om ABM – og framtidige oppgåver.

Ein god del av medlemsmusea våre har tidlegare gitt uttrykk for at sektoren var godt fornøgd med det gamle NMU, og mange av oss har vel vore litt tvilande til effekten av ei altfor tett samansmelting mellom

A, B, og M.

Museumforbundet ønskjer eit abm – med ein tydeleg, og betydeleg sterkare M - eit dynamisk utviklingsorgan som kan bli ein reell støttespelar i det museumsfaglege utviklingsarbeidet.

Det er derfor viktig at ABM-utvikling får tilstrekkeleg kompetanse og ressursar til å leia den faglige videreføringa av museumsreforma.

Viktige tiltak er m.a:

- kompetanseutviklingsprogram for sektoren, og at dette skal femna om alle funksjonar i musea
- oppfølging av dei faglege museumsnettverka
- ta initiativ til publikumsundersøkingar
- utvikla indikatorar for godmuseumsdrift
- utvikle og administrera eit sjølvevalueringssopplegg for musea
- og nok ein gong: utarbeida plan for samlingsforvaltning,

Ein del museumskolleagaer får nokre naturlege ryggmargsrefleksar når det er tale om for mykje evaluering, indikatorar o.likn.

Det er alltid ein fare for at evalueringssystem og måleindikatorar kan bli missbrukt. Men brukt med sunn fornuft kan det vera gode reiskapar for å utvikla musea til dei gode og solide samfunnsinstitusjonane me ønskjer.

- MEN: det er avgjerande at slike prosessar skjer i samarbeid med musea, og at ein ikkje opplever dette som nok eit påfunn som blir tredd nedover hovudet på oss.

### **Framtidas museum**

Avslutningsvis vil eg seia:

Det er viktig at KKD og sentrale styresmakter legg til rette og skaper gode rammevilkår for musea – både m.o.t. økonomi og strukturar.

Men arbeidet med å skapa Framtidas museum må me museumsfolk gjera sjølv, på dei enkelte musea og i fellesskap.

Me har ein jobb å gjera, me har mange utfordringar, men det nye museumslandskapet gir og mange spennande og nye mulegheiter!

3.11. 2009, Målfrid Snørteland